



Notat

Dato: 27.03.2015
Arkivsak: 2015/85-16
Saksbehandlar: rolrose

Til:	Samferdselsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Forlenging av bussrute frå Bergveien til Fjøsangervegen

På møte i samferdselsutvalet den 18. mars 2015 stilte representanten **Alf Helge Greaker** (V) fylgjande spørsmål.

Samferdselsutvalet ber Skyss vurdere å forlengje linje 15 frå Bergveien til Fjøsangervegen/Fjøsangerkrysset. Ei vurdering bør belyse kostnadane ved ekspropriering, utbygging av ny snu- og haldeplass og at byggesaka har tatt lang tid, samanlikna med kostnadane for ei forlengja ruteproduksjon. Utviding av bybanen vestover frå Minde vil og påverke kollektivstrukturen og behov for ny infrastruktur.

Passasjergrunnlaget og kortare reisetid for hovudstraumen av reisande var hovudgrunnane til at linje 15 til Bønes blei oppretta. Linja samlar all sentrumsretta trafikk mellom Bønes-området og Bergen sentrum med eitt høgfrekvent tilbod i ei tydeleg linjeføring.

Traseen til linje 15 blei lagd via Sikthaugen, då det er størst passasjermengd på denne strekninga og det dessutan er den raskaste traseen for dei aller fleste reisande. Linje 15 har høg frekvens og køyrer via Løvtakktunnelen, noko som gir rask reisetid. Skyss har fått mange positive tilbakemeldingar frå nøgde kundar etter at linje 15 blei oppretta, og reisetala er gode.

Det er eit mål at sentrale busslinjer ikkje skal ha for lang trasé. Det er svært kostnadskrevjande å forlengje ei høgfrekvent linje for å dekke ein marginal marknad. Svært få av passasjerane på dagens linje 15 vil vere tente med ei forlenging av linja til Fjøsanger. Truleg vil ulempa vere mykje større enn vinsten, sidan forlenginga vil måtte finansierast ved kutt i tilbodet, og ei forlenging til Fjøsanger truleg vil føre til at linja blir mindre punktleg i rushtida på grunn av den uføreseielege trafikkavviklinga i Fjøsangerkrysset og i Straumevegen.

Det går fleire andre busslinjer på strekninga Bønes–Fjøsanger: linje 14, 25 og 51. Hovudsambandet på denne strekninga er linje 25. Linja blei forlengja over Bønes i 2011 då linje 60 blei lagd ned. I dag har linje 25 traseen Oasen–Bråtet–Bønes senter–Øvre Kråkenes–Fjøsanger–Wergeland–Fageråsen–Haukeland, og gir såleis eit godt tilbod til reisande mellom Bønes-området og Bergensdalen, inkludert Haukeland universitetssjukehus, og gir reisande mogelegheita til å byte til Bybanen på Wergeland. Dette tilbodet er svært populært. Linje 25 gir òg eit god tilbod til Fyllingsdalen, og mellom Fyllingsdalen og Bergensdalen.

Tidlegare var det linje 60 som dekkja Bønes. Då Bybanen blei sett i drift og tok over delar av trafikkgrunnlaget, let det seg ikkje lenger gjere å halde oppe løysinga der annankvar buss gjekk gjennom Fyllingsdalen og annankvar om Danmarks plass. Linje 60 gav òg eit dårlegare tilbod ved at den køyrde via

Melkeklassen på kvelden og i lågtrafikkperiodar. Dessutan har den store auken i busstilbodet i Fjøsangervegen frå Bergen sør teke enno meir av kundegrunnlaget for reisande via Danmarks plass. Bygginga og seinare drifta av Bybanen gjorde det ikkje mogleg å køyre den traseen til linje 60 (via Kanalveien–Fabrikkgaten–Bjørnsonsgaten).

Planlegginga av endestoppet på Øvre Kråkenes er no ferdig, og etter det Skyss kjenner til, vil byggjeprosessen starte snarleg.

Det er fleire grunnar til at det er mindre aktuelt å etablere endestoppfasilitetar på Fjøsanger; mellom anna er det vanskeleg å finne ei god driftsmessig løysing, og det ville bli minst like dyrt. Det ville òg føre til enno fleire år utan ei god endestopppløysing for linje 15. Fjøsanger er sannsynlegvis ikkje stopp for Bybanen i byggjetrinn 5, og slik vil ikkje ei forlenging av linje 15 dekke behovet for transport til framtidige knutepunkt i området. Som nemnt er det linje 25 som skal og bør ta trafikken på strekninga mellom Bønes og Bergensdalen. Satsinga på denne tverrgåande linja er svært strategisk viktig dersom vi skal ha sjansen til å auke marknadsdelen for kollektivtrafikken i Bønes-området.